

KOMMUNANE I HORDALAND

Dato: 06.09.2017
Vår ref.: 2017/15202-1
Saksbehandlar: karklep2
Dykkar ref.:

MIDLAR TIL HEILSKAPLEG SAMFUNNSUTVIKLING I HORDALAND

Hordaland fylkeskommune inviterer til å søkje støtte til delfinansiering av prosjekt innan regional næringsutvikling, lokal samfunnsutvikling og utvikling av attraktive regionale senter i Hordaland.

Utvikling i heile Hordaland er overordna mål for Hordaland fylkeskommune. No er det mogleg for kommunar i fylket å søke prosjektstøtte til tiltak som styrker utvikling i regionale senter, lokalsamfunn og regional næringsutvikling.

Ein prioriterer søknader for regionsentra i «Regional plan for attraktive senter i Hordaland».

Kva kan få støtte?

- Prosjekt for brei samhandling og utviklingsprosessar på tvers av miljø og sektorar.
- Prosjekt og tiltak som fremjar regional nærings- og samfunnsutvikling og bidra til samspel mellom innbyggjarar, næringsliv, kommune, region og stat for å få ei positiv utvikling av samfunn vurderer vi som sentrale.
- Prosjekt som styrker regionsentra i fylket gjennom næringsutvikling, miljøvenlege transport- og logistikkordningar.
- Prosjekt som styrker regionsenteret i samband med vedtatt kommunesamanslåing.
- Berekraftige bu- og arbeidsområde som fremjar livskvalitet og folkehelse i utvikling av samfunn og sentrum.
- Prosjekt og tiltak knytt til kompetanseutvikling, analysar, mogleighetsstudiar og utgreiingar forut for utarbeiding av kommunale planer er òg døme på kva som kan støttast.

Kven kan søkje?

Kommunar, organisasjonar og institusjonar med brei lokal eller regional forankring er aktuelle søkjarar på midlane.

Krav til søknaden

For å få støtte til prosjekt som nemnd over føreset vi eigen eller anna medfinansiering i minst tilsvarende storleik. Delar av søkjar sitt bidrag kan vere i form av eigeninnsats. Prosjektet må ha lokal eller regional forankring og synleggjere god framdrift, i tillegg til å vere utviklingsretta. Søknaden blir vurdert i høve innsatsområda i [Handlingsprogam for næringsutvikling i Hordaland](#) og må stø opp under måla i [Regional plan for attraktive senter i Hordaland](#).

Tidsfrist

Søknader vert handsama fortløpande innan 1. desember 2017.

Søknaden sendast inn på www.regionalforvaltning.no som HNH-midlar

Spørsmål knytt til søknadsprosessen og programmet for regional næringsutvikling, lokal samfunnsutvikling og utvikling av attraktive regionsenter kan rettast til Kari Patricia Kleppe på epost kari.patricia.kleppe@hfk.no eller mobil 90993968

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.